

Olje- og energidepartementet

Postboks 8148 Dep.

0033 Oslo

postmottak@oed.dep.no

Stranda 29.09.14

Et betre organisert straumnett. Uttale til Reiten –utvalet sin rapport.

Ekspertgruppens mandat har vært:

1. Gruppen skal kort drøfte hvilke oppgaver overføringsnettet i Norge må ha på lang sikt
2. Gruppen skal vurdere hva som er en hensiktsmessig nettorganisering. Det skal legges fram en eller flere modeller for organiseringen.
3. Gruppen skal vurdere hvilke forutsetninger som må være oppfylt og hvilke virkemidler myndighetene kan bruke for å få til en god nettorganisering. Det skal legges fram ett eller flere alternative forslag til virkemiddelbruk.
4. Det er i dag store tarifforskjeller mellom nettselskapene. Det er et mål å få mer harmoniserte tariffer.
5. Gruppen skal vurdere om ønsket endring i nettorganiseringen lar seg gjennomføre innen 2020, og legge fram en strategi for eventuell gjennomføring.
6. Gruppen organiserer selv sitt arbeid og vurderer selv eventuelt behov for ekstern kontakt og/eller bistand.

Stranda Energi AS har fylgjande merknader til forslaga i rapporten:

Generelt.

Rapporten manglar ei grundig konsekvensutgreiing av forslaga. Generelt må konsekvensane av framlegg til endringar, både for forbrukaren og lokalsamfunna som kan bli råka av sentralisering, utgreiast før endeleg vedtak.

Særleg gjeld dette forslaget om funksjonelt skilje mellom nett og anna verksemd.

Rapporten peikar på at det er til dels store skilnader i nivået på nettleiga mellom nettselskapa. Denne ulikskapen er mellom folketette områder med relativt mange kundar i høve til nettinfrastruktur (bynære områder) og områder med spreidd busetnad i høve til km nett og tal nettstasjonar. Demografi og naturgjevne føresetnader er viktigare for nivået på nettleiga enn tal selskap.

På Sunnmøre er nivået på nettleiga for ein standard hushaldskunde om lag lik for Mørenett sine kundar og Stranda Energi AS sine kundar. Ein fusjon på Sunnmøre vil få lite å seie for nivået på nettleiga.

Vedkomande leveringskvalitet er det heller ingen større ulikskapar mellom små og større selskap i områder med same geografiske utfordringar. Leveringskvalitet heng meir saman med terrengforhold, ras, tilvekst på skogen og andre naturgjevne tilhøve. Større selskap vil ikkje kunne bøte på slike naturgjevne føresetnader.

1. Framlegg om selskapsmessig og funksjonelt skilje for nettverksemda:

Rapporten stiller krav om selskapsmessig og funksjonelt skilje for nettverksemda frå anna konkurranseutsett verksemd i eit eige nettselskap. Dette inneberer krav om eigen leiing og eige styre for nettselskapet. Sal av tenester frå nettselskap til anna konkurranseutsett verksemd i konsernet vert ikkje lovleg. Interne kjøp av tenester frå eigne selskap over terskelverdien skal vere konkurranseutsett.

Dersom dette vert gjennomført vil konsekvensane for Stranda Energi AS bli:

- Auka byråkrati, auka administrasjon, endra kompetansebehov, auka kostnader, mindre effektiv.
- Dårlegare beredskap på grunn av færre tilsette med fagkompetanse. Personar som kan ta på seg vakter arbeider i dag i nett og produksjon. Det blir for dyrt å ha tilsett like mange som i dag, i nytt nettselskap. Vil dermed ikkje kunne oppretthalde beredskapen som i dag.
- Auka kostnader vil gjere oss mindre effektive og dyre, fusjon vil tvinge seg fram.
- Sentralisering i større einingar vil gå ut over kundar i distriktskommunar. Svekkja lokal beredskap, dårlegare lokalkunnskap og lågare prioritet som kan føre til dårlegare konkurransevilkår for næringslivet.
- Ved funksjonelt skilje vil lokale kraftleverandørar som Stranda Energi bli borte. Færre tilbydarar betyr mindre konkurranse og høgare prisar. Kundane kan bli taparane ved å ikkje ha lokal kraftleverandørar.

2. Framlegg om DSO.

Framlegget vil kunne skape grunnlag for konflikt mellom ulike selskap i ulike nettnivå. DSO vil kunne ha økonomiske fordelar og eigeninteresse av å endre på prioriteringar, gjort av andre underliggjande selskap. Dette treng ikkje vere samfunnsøkonomisk lønsamt, eller bedriftsøkonomisk lønsamt for Stranda Energi AS. Ein må kunne stole på at selskapa sjølve er ansvarlege og prioriterer til beste for kundane, utan overprøving av overliggjande selskap. Det vil vere eit unødig ekstra byråkrati ledd og retten til å bestemme sjølve vert svekkja.

3. Framlegg om endring av normkostnad frå 60 % til 70 %.

Før dette eventuelt blir gjennomført, må inntektsrammemodellen kvalitetssikrast med spesielt fokus på ulike føresetnader i ulike selskap. Det bør gjennomførast ein grundig analyse av alle selskap i bransjen, for å kartlegge kva som er årsaka til at ein skilde selskap har lågare målt effektivitet i inntektsrammemodellen enn referanseselskapa. Føresetnadane for å drifte og halde ved like nettet er svært ulike. Mindre effektive selskap kan ha naturgjevne føresetnader, som effektivitetsmålingane i inntektsrammemodellen ikkje fangar opp. Særleg kan dette gjelde lokale tilhøve, som vanskeleg tilgjengelig terreng, lokale vindfenomen, tilvekst på skog, ras, oppdelt område med ferjestrekningar etc. Difor vil det vere uforsvarleg og urettferdig å auke kostnadsnormens del til 70 %. Mange selskap vil kanskje bli avvikla på grunn av ein urettvis inntektsrammemodell. Det bør gjennomførast ein grundig kvalitetssikring av

inntektsrammemodellen før kostnadsnormens del vert auke til 70 %. Ein auke til 70 %, vil kunne føre til redusert incitament til investeringar i nettet. For å auke incitamentet til nettinvesteringar, burde kostnadsnormens del blitt redusert til 50 % inn til kvalitetssikring av inntektsrammemodellen.

4. Framlegg om å fjerne minimumsavkastninga.

Framlegget vil kunne føre til at einskildselskap kan gå konkurs etter ekstremvær. Inntektsrammemodellen er ikkje god nok til å gjennomføre eit tiltak som kan få slike dramatiske konsekvensar for enkelte selskap. Framlegget er eigna til å ramme enkeltsselskap på ein måte som ikkje gagnar lokalsamfunn, og bør ikkje vedtakast.

5. Utjamningsordning for særleg høge tariffar.

Stranda Energi meiner at ein måte å finansiere utjamning på, er å etablere eit fond for utjamning av tariffar. Da kan alle som betaler nettleige også vere med på å finansiere subsidiert nettleige i dei områda som har stort behov for nettinvesteringar som følgje av stort fornybarpotensial. Dagens ordning med årlege løyvingar over statsbudsjettet for å subsidiere områder med særleg høge nettleige, har vist seg å vere sårbar. Frå 2013 til 2014 vart løyvinga over statsbudsjettet redusert frå kr 120 mill. til kr 30 mill.

Med helsing
Stranda Energi AS

Ola Raknes
Ola Raknes